

# Protokoll frå styremøte 7. juni 2023

**Til stades:** Erik Ulfsby, Lodve Solholm, Eli Bjørhusdal, Terje Lohndal, Kjetil Gundersen, Hilde Sollid og Hege Myklebust

**Frå Språkrådet:** Åse Wetås (direktør), Sturla Berg-Olsen og Bård Uri Jensen (S32) og Margrethe Kvarernes (seksjonssjef)

**Møtestad:** Zoom

**Møtetid:** 12.30–16

**Møteleiar:** Ulfsby

**Referent:** Kvarernes

## Møte med fagrådsleiarane 12:30–13:00

Fagrådsleiar Marita Kristiansen fra fagrådet for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning, fagrådsmedlem Thom Jambak frå fagrådet for skole og offentleg forvaltning, fagrådsleiar Bård Uri Jensen frå fagrådet for normering og språkobservasjon, fagrådsleiar Ivar Berg frå fagrådet for stadnamn.

### Sakliste

#### Konstituering

S 21 Godkjenning av innkalling og sakliste

S 22 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 14. februar

#### Informasjonssaker

S 23 Direktørens orientering

S 24 Referat frå etatsstyringsmøte 3. mai 2023

S 25 Nytt frå fagråda

S 26 Høyringar

S 27 Mediesaker

S 28 Ufyllande reglar om skrivemåten av norske og kvenske stadnamn (revisjon)

S 29 Riksrevisionens revisjonsberetning for 2022

S 30 Rekneskap og økonomisk situasjon per 30. april 2023

#### Vedtakssaker

S 31 Revidert intern instruks

S 32 Normeringssaker

S 33 Målstruktur 2024

S 34 Program studietur Helsingfors

#### Drøftingssaker

S 35 Desentralisert arbeid

S 36 Budsjett 2025

S 37 Oppfølging av strategi: Problematikk i helsesektoren og grunnopplæringa

S 38 Eventuelt

## Konstituering

**S 21/23 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Sakspapir:** Saklista 7. juni 2023

**Vedtak:** Innkallinga og saklista er godkjende.

**S 22/23 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 14. februar 2023**

**Sakspapir:** Framlegg til protokoll

**Vedtak:** Protokollen frå styremøtet 14. februar 2023 er godkjend.

## Informasjonssaker

**S 23/23 Direktørens orientering**

**Sakspapir:** Ingen

Direktøren orienterte om desse sakene:

- Personal: Ein medarbeidar i administrasjonen er gått av med pensjon, og det er tilsett ny medarbeidar frå etter sommaren. Ein medarbeidar har fått innvilga eitt års ulønt studiepermisjon, og vikar er tilsett. Det er vidare tilsett i fast seniorrådgjevarstilling på IKT-feltet og i eit årsengasjement for å følgja opp språktiltak i rapporten frå Sannings- og forsoningskommisjonen og for å arbeida med tiltak etter lanseringa av NOU om norsk teiknspråk. Eit engasjement i kommunikasjonseininger er forlenga. Engasjementa blir finansierte med refusjonsmidlar.
- Språkrådet er i ein prosess med omlegging av rekneskapssystemet og av nettsidene.
- Det er lagt plan for lokale lønsforhandlingar (september og oktober).
- Telemarksforskning har levert rapport etter utgreiinga om fast fagmiljø for anvendt forsking i norsk språk. Før sommaren kjem òg NOU om norsk teiknspråk og KUD/KDs handlingsplan for norsk fagspråk i akademia.
- Tilsynet med bokmål og nynorsk i staten for 2022 er snart avslutta, og KUD får rapporten i august. Det er stadig aukande svarprosent på eigenrapporteringa.
- Språkrådet har hatt møte med Justisdepartementet om å få språkkrav inn i rettleiingsheftet *Lovteknikk og lovforberedelse* og med Direktoratet for økonomi og forvaltning om å få språkkrav inn i innkjøpsreglement og innkjøpsrettleiingar for det offentlege.
- Prosjektet med revisjon av Bokmålsordboka og Nynorskordboka skal etter revidert plan halde fram til desember 2024. Rådgivarar i Språkrådet vil vere involverte i sluttkontroll av manus og i ulike normeringsspørsmål ut 2024.
- Ved Termportalen ved UiB er det no tilsett to terminologar med arbeidsstad Universitetsbiblioteket. Lansering av portalen er planlagt til 8. september 2023. Språkrådet arbeider med å få på plass ein avtale om samarbeidet med UiB.

**Vedtak:** Styret tek saka til orientering.

<b>S 24/23</b>	<b>Referat frå etatsstyringsmøte 3. mai 2023</b>
<b>Sakspapir:</b>	Førerels referat frå etatsstyringsmøtet 3. mai 2023
<b>Vedtak:</b>	Styret tek saka til orientering.
<b>S 25/23</b>	<b>Nytt frå fagråda</b>
<b>Sakspapir:</b>	Notat frå fagrådssekretærane
<b>Vedtak:</b>	Styret tek saka til orientering.
<b>S 26/23</b>	<b>Høyringar</b>
<b>Sakspapir:</b>	Notat med lenkje til Språkrådets høyringar
<b>Vedtak:</b>	Styret tek saka til orientering.
<b>S 27/23</b>	<b>Mediesaker</b>
<b>Sakspapir:</b>	Notat frå kommunikasjonseininga
<b>Vedtak:</b>	Styret tek saka til orientering.
<b>S 28/23</b>	<b>Utfyllande reglar om skrivemåten av norske og kvenske stadnamn (revisjon)</b>
<b>Sakspapir:</b>	Notat frå seksjonen for språkrøkt og språkrådgiving
<b>Vedtak:</b>	Styret tek saka til orientering.
<b>S 29/23</b>	<b>Riksrevisjonens revisjonsberetning for 2022</b>
<b>Sakspapir:</b>	Riksrevisjonens revisjonsberetning for 2022
<b>Vedtak:</b>	Styret tek saka til orientering.
<b>S 30/23</b>	<b>Rekneskap og økonomisk situasjon per 30. april 2023</b>
<b>Sakspapir:</b>	Notat frå stabssjefen og rekneskap per 30. april 2023
<b>Vedtak:</b>	Styret tek saka til orientering.

## Vedtakssaker

<b>S 31/23</b>	<b>Revidert intern instruks</b>
<b>Sakspapir:</b>	Utkast til revidert intern instruks for Språkrådet
<b>Vedtak:</b>	Styret vedtak ny intern instruks for Språkrådet.
<b>S 32/34</b>	<b>Normeringssaker</b>
<b>Sakspapir:</b>	Saksførelegg frå direktøren og saksframlegg frå fagrådet for normering og Språkobservasjon

Seniorrådgjevar og fagrådssekretær Sturla Berg-Olsen og fagrådsleiar Bård Uri Jensen presenterte framlegga. Styret ba direktøren leggje fram ei drøftingssak for vurdering av gangen i sakshandsaminga etter innføringa av den nye høyningsordninga.

### Vedtak:

- Substantiva *hub(b)* '(drifts)sentral' og *spot(t)* 'lyskjelde; reklameinnslag', som inntil nå ikkje har vore normerte, får desse normerte formene:

#### nynorsk:

*ein hub(b) – hubben – hubbar – hubbane*  
*ein spot(t) – spotten – spottar – spottane*

**bokmål:**

en *hub(b)* – *hubben* – *hubber* – *hubbene*  
 en *spot(t)* – *spotten* – *spotter* – *spottene*

2. Normeringa av dei følgjande substantiva blir justert i bokmål og nynorsk slik tabellen nedanfor viser.

substantiv	nåverande norm i bokmål	nåverande norm i nynorsk	framlegg til ny norm	
			bokmål	nynorsk
<i>nebb</i>	m/n	m/n	n*	m/n
<i>nipp</i>	m/n	m/n	n	m/n
<i>raut</i>	m/n	n	n	n
<i>rykk</i>	m/n	m/n	n	m/n
<i>fart</i>	m	m	m/f	m/f
<i>kondom</i>	n	n	m/n	m/n
<i>maraton</i>	m	m	m/n	m/n
<i>stadion</i>	n	n	m/n	m/n

(m = hankjønn, f = hokjønn, n = inkjekjønn)

Normeringa av samansetningar med desse åtte orda som etterledd skal følgje normeringa av grunnordet. Samansette artsnemningar med -*nebb* som etterledd skal likevel framleis ha valfridom mellom hankjønn og inkjekjønn i bokmål.

3. For dei følgjande substantiva blir normeringa av fleirtalsformer endra slik tabellane nedanfor viser.

Bokmål:

dagens norm	ny norm
<i>livmorer</i> – <i>livmorene</i>	<i>livmorer/livmødre/livmødrer</i> – <i>livmorene/livmødrene</i>
<i>skrumorer</i> – <i>skrumorene</i>	<i>skrumorer/skrumødre/skrumødrer</i> – <i>skrumorene/skrumødrene</i>
<i>vågmorer</i> – <i>vågmorene</i>	<i>vågmorer/vågmødre/vågmødrer</i> – <i>vågmorene/vågmødrene</i>
(ikkje normert)	<i>hermegjess/hermegjæser/hermegåser</i> – <i>hermegjessene/hermegjæsene/hermegåsene</i>
<i>midnatter</i> – <i>midnattene</i>	<i>midnetter</i> – <i>midnettene</i>
<i>hespetre</i> – <i>hespetrea/hespetreene</i>	<i>hespetre/hespetrær</i> – <i>hespetrea/hespetrærne/hespetreene</i>
<i>løvetann</i> / <i>løvetanner</i> – <i>løvetannene</i>	<i>løvetenner</i> – <i>løvetennene</i>
<i>tvetann</i> / <i>tvetanner</i> / <i>tvitann</i> / <i>tvitanner</i> – <i>tvetannene</i> / <i>tvitannene</i>	<i>tvetenner/tvitenner</i> – <i>tvetennene/tvitennene</i>
<i>gåsefot</i> – <i>gåsefotene</i>	<i>gåsefötter</i> – <i>gåseföttene</i>

<i>marihand/marihånd/</i>	<i>marihender – marihendene</i>
<i>marihander/marihänder –</i>	
<i>marihandene/marihåndene</i>	
<i>slirekne/slirekneer –</i>	<i>slirekne/slireknær –</i>
<i>slireknea/slirekneene</i>	<i>slireknea/slireknærne</i>
<i>blærerot – blærerotene</i>	<i>blærerøtter – blærerøttene</i>
<i>burot – burotene</i>	<i>burøtter – burøttene</i>
<i>rosenrot – rosenrotene</i>	<i>rosenrøtter – rosenrøttene</i>
<i>sisselrot – sisselrotene</i>	<i>sisselrøtter – sisselrøttene</i>
<i>søterot – søterotene</i>	<i>søterøtter – søterøttene</i>
<i>tannrot – tannrotene</i>	<i>tannrøtter – tannrøttene</i>
<i>tepperot – tepperotene</i>	<i>tepperøtter – tepperøttene</i>
<i>vadderot – vadderotene</i>	<i>vadderøtter – vadderøttene</i>
<i>vendelrot – vendelrotene</i>	<i>vendelrøtter – vendelrøttene</i>

Nynorsk:

<b>dagens norm</b>	<b>ny norm</b>
<i>livmorer – livmorene</i>	<i>livmorer/livmødrer –</i> <i>livmorene/livmødrene</i>
<i>skrumorer/skrumødrer –</i>	(inga endring)
<i>skrumorene/skrumødrene</i>	
<i>vågmødrer – vågmødrene</i>	<i>vågmorer/vågmødrer –</i> <i>vågmorene/vågmødrene</i>
(ikkje normert)	<i>hermegjæser/hermegåser –</i> <i>hermegjæsene/hermegåsene</i>
<i>midnetter – midnettene</i>	(inga endring)
<i>hespetre – hespetrea</i>	(inga endring)
<i>løvetenner – løvetennene</i>	(inga endring)
<i>tvitennner – tvitennene</i>	(inga endring)
<i>gåseføter – gåseføttene</i>	(inga endring)
<i>marihender – marihendene</i>	(inga endring)
<i>slirekne – slireknea</i>	(inga endring)
<i>blærerøter – blærerøttene</i>	(inga endring)
<i>burøter – burøttene</i>	(inga endring)
<i>rosenrøter – rosenrøttene</i>	(inga endring)
<i>sisselrøter – sisselrøttene</i>	(inga endring)
<i>søterøter – søterøttene</i>	(inga endring)
<i>tannrøter – tannrøttene</i>	(inga endring)
<i>tepperøter – tepperøttene</i>	(inga endring)
<i>vadderøter – vadderøttene</i>	(inga endring)
<i>vendelrøter – vendelrøttene</i>	(inga endring)

4. Normeringa av substantivet *kask(j)ett* blir endra slik tabellen nedanfor viser:

	<b>dagens norm</b>	<b>ny norm</b>
bokmål:	kaskett	kasjett eller kaskett
nynorsk:	kaskjett	kasjett eller kaskett

5. Normert preteritumsform av dei følgjande verba blir endra i bokmålsnorma slik tabellen nedanfor viser.

<b>verb</b>	<b>preteritum i dagens norm</b>	<b>preteritum i ny norm</b>
fnyse	fnøs/fnyste	fnøs/fnøys/fnyste
gyte	gjøt/gytte	gjøt/gøyt/gytte
klype	kløp/klypte	kløp/kløyp
knyte*	knøt/knytte	knøt/knøyt
skryte	skrøt/skrytte	skrøt/skrøyt
snyte	snøt/snytte	snøt/snøyt
tyte	tøt/tøyt/tytte	tøt/tøyt
gyse	gjøs/gyste	gyste

\* Knyte har i dag sterkt bøyning berre i tydinga 'trekkje seg saman'. Framlegget til ny normering går ut på å oppheve skiljet mellom svak og sterkt bøyning for knyte og innføre sterkt bøyning uansett tyding.

6. Normeringa av dei følgjande orda der bokmålsnorma i dag har valfridom mellom skrivemåtane *hv-* og *kv-*, blir endra slik tabellen nedanfor viser.

<b>dagens norm</b>	<b>ny norm</b>
<i>hvelv/kvelv</i>	<i>hvelv</i>
<i>hvelve/kvelve</i>	<i>hvelve</i>
<i>hvelving/kvelving</i>	<i>hvelving</i>
<i>hves/kves</i>	<i>hves</i>
<i>hvese/kvese</i>	<i>hvese</i>
<i>hvil/kvil</i>	<i>hvil</i>
<i>hvile/kvile</i> (substantiv og verb)	<i>hvile</i>

7. Forma *lagasild* går ut av bokmålsnorma slik at *lagesild* og *lågåsild* blir ståande att som normerte former.

8. Forma *sjapp* går ut av bokmålsnorma slik at *sjappe* blir stående att som eineform.

9. Forma *oppnopning* blir teken inn i bokmålsnorma som valfri form attmed *oppnopping*.

10. Etter vedtak i styret blir vedtaka under 1–9 over registrerte i Norsk ordbank, kunngjorde på passande måte av Språkrådet og ved høve oppførde i Bokmålsordboka og Nynorskordboka.

**S 33/23 Målstruktur 2024**

**Sakspapir:** Saksdokument med framlegg til vedtak  
Vedlegg: Målstruktur for 2024

**Vedtak:** Styret bed direktøren om å senda Språkrådets innspel til målstruktur for 2024 til Kulturdepartementet

**S 34/23 Program for studietur til Helsingfors**

**Sakspapir:** Framlegg til program

**Vedtak:** Styret bed direktøren arbeide vidare med programmet etter linjene i saksframlegget og førebu relevant bakgrunnsinformasjon og relevante spørsmål for dei ulike besøka til septembermøtet.

## Drøftingssaker

**S 35/23 Desentralisert arbeid**

**Sakspapir:** Saksframlegg frå direktøren  
Vedlegg 1: Utgreiing om bruk av desentralisert arbeid  
Vedlegg 2: Referat frå IDF med merknader

**Vedtak:** Styret drøfta saka.

**S 36/23 Budsjettsøknad 2025**

**Sakspapir:** Saksframlegg frå direktøren  
Vedlegg 1: Budsjettprioriteringar (desember 2022)  
Vedlegg 2: Endeleg budsjettsøknad 2024 (mars 2023)

**Vedtak:** Styret bed direktøren leggje fram eit utkast til endeleg budsjettsøknad til styremøtet i september.

**S 37/23 Oppfølging av strategi: Problematikk i helsesektoren og grunnopplæringa**

**Sakspapir:** Saksframlegg frå direktøren  
Vedlegg 1: Brev frå Språkrådet til Helse- og omsorgsdepartementet  
Vedlegg 2: Svar frå Helse- og omsorgsdepartementet.

**Vedtak:** Styret drøfta saka.

**S 38/23 Eventuelt**

Ingen saker til eventuelt

## Godkjenning

Protokoll frå møtet 7. juni 2023 er godkjend 22. september 2023.

Erik Ulfsby Sjur N. Moshagen

Kjetil Gundersen Eli Bjørhusdal

Terje Lohndal Hege Myklebust Hilde Sollid